

# i u-lage

Organ for Finnøy Kristelag Ungdomslag

07/05



# Gjer nokon glad!

Leiar

Av: Øystein Bergøy

I dag, onsdag 26., har skulen min, Strand vgs, arrangert ein arbeidsdag for å samla inn pengar til ein vansklegstilt skule i Bosnia (ikkje ulikt det landsomfattande OD-dagen). Oppleget går ut på at alle elevane som har skaffa seg jobb får fri for å jobba. Dei som ikkje vil jobba eller ikkje har skaffa seg arbeid må plukka søppel heile dagen. Målet for kvar enkelt elev er å samla inn 300 kr. Eg synest at prosjektet som dette er flotte. Tenk at me nordmenn, som har det så godt, kan hjelpe folk frå andre land som ikkje har det så bra for eit lite dagsarbeid!

Uansett om det er folk i andre land eller innanfor våre landegrenser som ikkje har

det så bra, vil eg påstå at me andre, som er så heldige at me har ei varm seng, foreldre som bryr seg, mat på bordet kvar dag og varme klede, ikkje har nokon rett til ikkje å bry oss. Det er faktisk vår plikt som medmenneske å ta oss av våre systre og brør som har det verre enn oss.

I tillegg er det også mykje me kan gjera for dei rundt oss. Dette er enkle ting ein kan gjera dersom ein ikkje er heilt klar for å redde verda enno. T.d. kan det ein besøka gamle som ofte sit åleine, ta oppvasken for mor eller far, snakka med den som sit åleine i friminuttet eller på stikk innom osb. Sjå teksten på "Gjer nokon glad" for fleire tips (spør Unni. Ho kan sikkert hjelpe deg med ein kopi). Det er

mange ting me kan og bør gjera for kvarandre. Slike ting kostar oss så lite, men kan ha så ufattelig mykje å seie for den andre!

Til slutt vil eg berre sitera Bibelen og Arnulf Øverland (artig kombinasjon eg aldri hadde trudd eg ville bruka i avisat):

"Alt det de vil at andre skal gjera mot dykk, det skal de òg gjera mot dei.", matt 7.12 (den gylne regel)

"Du må ikkje tåle så inderlig vel, den urett som ikkje rammer deg sjølv", Arnulf Øverland ("du må ikkje sove")

Håper de tek utfordringa. Hugs, det å ikkje gjera noko, ER å gjera noko!

# Te himmelen der ska eg, og Jesus e' bruå!

Formannshelsing

Av: Kjell Morten Eggebø

Me har sidan sist hatt mange goe og kjekke arrangement, oppmøte e bra og, i allefall eg, opplever det som kjekt og givande å sitje i hovudstyret. Alle dei fem som er nye for året i styret har no vore me å hatt arrangement, og eg må seie at eg er svært imponert.

Så arbeidet i laget går altså strykande, og folk ser ut til å kose seg. Men størst er det som har skjedd dei to siste vekene. Dei små sennepsfrøa som me sår igjennom andaktane på lauvsnes har nemleg begynt å slå rot hjå mange. Først hadde me "Here I am to Worship" på lauvsnes, der Espen hadde ein jysla goe andakt om kempene me får lov å lovsynga te, nemlig ingen andre enn skaparen av universet, og at han virkelig fortjene at me prise

han. Å så helga ittepå så bar det av garde til Kvinlog på weekend. Weekend e jo alltid opptur, men personleg så har eg aldri opplevd ein ungdomslagsweekend med så stor åndeleg opptur. Giggen som va me oss som andaktsholdar, hadde forberedt seg vel og godt, og hadde masse utruligt og spennande å fortelje. Det blei ein weekend der dei fleste fekk noko å tenkje på angåande kva som er viktig i livet og ikkje. Og eg trur og ein del fekk auga opp for at der faktisk er to utgangar i fra dette livet. Men størst er det å oppleve at folk får auga opp for kor stor Gud er, at det å bli frelst er så ufattelig enkelt at det bare er å tru og ta imot!

Det som iallefall ALLE som var på weekend vil hugse var laurdagskvelden då Giggen fortalte om Marcus som for

på ville veier, og levde et liv vekke fra Gud. Marcus omkom i ei trafikkulykke bare 15 år gammal, og i 3 vonde timer så trudde Giggen at Marcus hadde forlatt denne jord uten å ha tatt imot frelsen. Men så viste det seg at han samme dagen hadde fortalt te ei klassevenninne at han sko te himmelen, og Jesus va bruna.

Utruleg sterkt historie men som har et så ufattelig godt budskap, nemleg at det arbeide me drive ikkje er fänyttes. Sjøl om det kan virke som at me ikkje når inn, så sår me ørsmå frø som ein dag kan slå rot. Så eg vil oppfordre alle te å takke Gud for hans storhet, og ikkje minst be om at den åndelege oppturen må fortsette, slik at me kan nå fleire med det fantastiske budskapet om vår frelsar. Stå på folkens!

# Hei hei!

## Andakt

Av: Magnhild Cecilie Vignes

Her e då det litla vitnesbyrdet mitt ü.

Eg er med som ledar på söndagskulen i Storsalen. Fast post på programmet er sangen: "Det lille lys jeg har, det skal få skinne klart" Og sangen er fin den, men når eg spurte ungane kva teksten skulle bety fekk eg heller få forslag. Kva lys er det eigentleg me har? Jo, Jesus er verdens lys, og han får me lov til å ha i hjertene våre. Når me er gode mot kvarandre, då er me lys i verda. Dette er det

jo mykje lettare å forstå. Me ska være gode mot kvarandre.

Neste spørsmål var: "Korleis kan me være gode mot kvarandre"? Og her hadde ungane fleire forslag; gi ein klem, vaska opp for mamma, smila til nokon, gi nokon eit kompliment osv... Me veit jo sjølv kva me blir glade av, så kvifor skulle ikkje andre òg verta glade...?

Her kjem oppfordringen: Tenk deg ut ein person du har lyst til å gjera nokon for i veka som kjem. Og om kvelden når du

skal leggja deg kan du tenkja gjennom dagen. Har eg gleda nokon i dag? Har eg fått betydd nokon for andre? Var det nokon som trengte smilet mitt ekstra i dag?

Eg trur det er viktig å ikkje leggja alt for mykje fokus på kva alle andre kan gjera for meg, men heller tenkje, kva kan eg gjere for andre.

Ordsp. 11, 25 Den som spreier velsigning, trivst, den som livar opp andre, vert oppliva sjølv.

# Bilbingo

## 10. september



Av: Maria Flesjå

**Dørene åpna klåkkå hall 9 å folk bjunnte å strømma på. D kom bare fleire å fleire folk, å når d heila bjunnte va d ganske så mange stolar å sofaplasser så va i brog!=) dette såg ud t å bli ein kjekke kvell me kjekke folk.. Lars V. å Kjelly kom seg opp på "scenen" å bjunnte d heila me å forklara ka slags kvell dette sko bli.. Alt sko dreia seg om BIL å BINGO..**

Bingobrettå blei satt t "salg" å mange tog fram ein 10-kroning å kjuppte

brett..Någen kjuppte fleire åg.. Lars snurde på bingoхjule å der trilla taler,mens Kjelly styre baggronnsmusikken. Eg må sei Lars va ganske så flinke me tonefallet når an leste opp talå,virka helste som om an hadde øvd ein del på d!=)

Der va mange morsomme kommentarar i løbe av kvellen,å Håvard Helle Mjølsnes fekk fram koss mange av talå blei sagt på engelsk vis. Trur nok han hadde vore ein del på bingo i England!=) Av å te kom der ein joker,å då blei der ein lide konkurranse mellom 2-3 stk. Der va mange forskjellige premiar som blei delt ud. Eksempler e mobILsnob,bil-skilt/dekk-snob, BILlett fra Vigrestad-Varhaug som va udgått..Hovudpremien va ein radiostyrte bil...

Andakten va d ein misjonær fra Mali som hadde. Hu fortalte om levestanden der nere og kor godt me hadde d i forhold t di. Eg trur d va mange som fekk någe å tenka på itte denne kvellen. Me har d faktisk ganske så godt i forhold t mange andre i verden. Me har d me trenge å bør ver fornøyde me d. Men



alligavel så e d så masse aent me vil ha i tillegg. D e då me har kollekt, å andre prosjekter. Me har då GO mulighet t å hjelpe andre folk. Av alle di pengene me har,så trur eg kje me merke så møje viss me gir någen penger te folk så trenge di pengene meir enn oss.

Itte andakten blei d ein ny runde me bingo,å folk blei veldig engasjerte i dette her.

Syns d va ein rektigt så kjekke kvell,å eg vett at mange andre åg koste seg. Så t Lars å Kjelly: dåkk klarte me glans å gjennomføra denne kvellen!!=)

# Bondefest

17. september



*...men d va for seint. I d Aina sgo sniga seg forbi bussen (me den sprege valmeten sin), svingte Gunnar Vik inn på bussholdeplassen*



*"Skjerp deg Lars, eg har sje fått meir i mi kanna enn d du har!"*

desnakk. Distriktsveterinær Erling Bleie var andaktshaldar denne kvelden. Sidan det var så mange bønder tilstades, var smittefarene høg. Derfor kom han iført eingongskjeledress.

Folka som møtte opp blei delte opp i tre lag som kjempa mot kvarandre heile kvelden. Det dei måtte konkurrera i var blant anna mjølkedrikking, traktormer-

ke-rappkjeft og kunnskapsprøve. Kunnskapsnivået var ganske høgt på alle laga. For kvar konkurranse laget vant, fekk dei eit leikedyr. Det laget med flest leikedyr til slutt, fekk ein flott leiketraktor. Heilt til slutt var det duka for musikk-quiz. Her fekk også vinnarlaget ein leiketraktor. Lag 1 ((, som mellom anna bestod av Lars R, Roger og Eivind,)) var totalt suverene gjennom heile kvelden.

Av: Jakob Steinens og Odd Bergøy

**Etter mange år fekk endeleg bøndene gjennombrot på Lauvsnes; det var duka for bondefest! Bondefaktoren var høg denne kvelden og for ein gongs skyld var dette ikkje negativt.**

Folk møtte opp med traktor og kjeledress. Med inngangsdøra blei gjestane møtt med melkecocktail. Fram til klokka ni blei det spelt country og mykje bon-



*Terje tar Kalle Klovndansen sin*



*"Ok, så har du større traktor, men kånå mi e møje større enn kånå di!"*

# Buss by bowling

24. september



Någen forskrar meine den någe underlige "fuglegalskapen" kan bli farligare for oss menneske enn fugleinfluensaen

Av: Anders Trahaug

**Ettersom eg bur i byen, hoppa eg over bussturen, og har lite å fortelle om den delen av turen. Gunnar kjørte bussen, som i år, for eingongs skuld, ikkje hadde problemer med å klare den lange strabisøse turen til Mariero. På gourmetrestauranten McDonalds fekk den kulinerte finnøybuen utfordra smakslaukane med hamburgerar av ymse slag.**

Etterpå var det bowling som stod på programmet. Eg klarte ikkje ein gong hundrepoengsgrensa, og må leva eit heilt år med audmjukande kommentarar frå



"Sjå! Me kan smila på tri forskjellige, kunstige mådar!"

Vangen. I den andre runden var det til og med rett før eg kom på siste plass. Men siden Sondre ikkje klarte å stå imot det enorme presset, og fekk ner fantastiske ei kjegla på dei tre siste kasta holdt eg andrepllassen med eit naudskrik.

Ein my attraksjon på Metro Bowling er dansemaskinen, som spyr ut støyande lågkulturell musikk medan det gjelder å trø på sensorar på golvet i i tak med ein dansande person på ein skjerm. Særleg Vangen synte stor interesse, kanskje

fyrst og fremst jentene som freista maskinen. Derimot var det nok ikkje bare dei ansette som var urolege då Kongsviken fekk den strålende ideën at dette kunne vera noko for han.

Mot slutten blei det nok av bylivet for dei heimkjære finnøybuane og bussen rulle avgårde i retning Finnøy. Eg kunne, forsatt små sur etter tapet for Lars, ta turen heim i bilen til ein tilfreds arrangementskomiteén, eller Henning med andre ord.



"Me kødde sje Håvard, ikkje kleng sånn. Du lokte!"



Ranarane av den mindre kjente "Skrik"-skulpturen av broren til Edvard Munch

# Eksotisk Aften

## 8. oktober

Av: Håvard Mjølsnes Helle

**Laurdag 8. oktober vart det arrangert eksotisk aften på Lauvsnes. Dette var stikkinnom styret sin andre årlege fest som vart til ein stor suksess.**

Lauvsnes vart gjort om til ein litt meir eksotisk plass, med hanklede med eksotiske motiv som han på veggar og koltbord. Alle i styret hadde kledd seg ut i "hula hula" kler, som og dei andre innbydande som kom var oppfordra til å gjera.

Kvelden starta med allasang med "kongenes konge", medan eg Håvard vart boren på kongestol til hengekøya som var plasert inne på Lauvsnes.

Etter å ønskt alle velkomne fekk alle velkomst "drinkar" (eksotisk Fanta i champangeglas som var glasert på toppen med sukker og sitron, med ei paraply oppå alle drinkane).

Lena hadde ein annleis andakt som gav oss ein tankevekkjar. Denne andakten trur eg greip mange hjarte. Camilla sang solosang for oss noko som så alltid er



D går opp for den litt skoffa delegasjonen t biskop Tito at Finnøy ligge i Ryfylkeøyane å ikkje Canariøyene, slik så dei hadde blitt fortalt.

like nydeleg å høre på. (eg personleg får honeskinn på ryggene, så fint er det.)

Til mat vart det servert Woc. Det såg ut til at alle likte maten for nesten all maten vart eten opp. Ein spesiell skrøyt til matkomiteen: Janne M , Janne M. H, Arna og Camilla.

Etter mat vart det ein glimrande og ikkje minst planlagt underholdning av: Joar, Magne , Lars R, med fleir. Underholdninga var skikkeleg humoristisk så det vart mykje latt og løye.

Matlagning på direkten var det og. Ein "harråda" til drink som vart tillagt av alle eksotiske frukter og ekle ting som eg trur det var Magne som måtte drikka opp. All applaus til han.

Eg tenkte det var på tide med ei ny underholdning denne gongen så eg tok med med mine 1 meter lange sugerøyr. Desse skulle to og to ta 4 stk av og laga dei om til eit langt rør (4m lang) og drikka opp ein halv liter brur med det. Denne konkuransen var det Eirin og Kristi som bann. Premien var ein halv liter Fanta.

Til slutt var det kåring av kveldens antrekk og der var det Kristi Landa som stakk av med seiaren. Ho hadde kledd seg riktig så eksotisk. Premien her og var ei Fanta.

Kvelden var avslutta med eksotiske frukter og drøs og til slutt solo song av meg, Håvard.

På vegne av styre og tilbakemeldingar eg har fått så vart dette ein skikkeleg vellukka fest med ca 50 oppmøtte.

Nå ser me i styret fram til å planleggja vårens fest.



Av praktiske årsagar e mannfolkbering kun utbredd i land som praktisere bigami.



Reilstad sitt bidrag t Miss Finnøy-kåringå i år va kanskje vel eksotisk..?

# Here I am to worship!

15. oktober



"Abekatt! Neandertalar! Lars Vangen!  
Ikkje? Aah dritt-mimeleg. Eg gidde sje  
meir!"



*"Eg vett sje koss eg sga sei dette Eirin, men de ser du så du har fått ein ondarta Kristoffersvulst, og spredningen har dessverre nådd hjernen."*

Av: Eirin Nordbøe

## Dørene blei åpna kl halv 9 og sjølv ve programme begynte kl 9.

Kvelden starta med ein lovsongsdans av Kristi og Eirin. Vi hadde litt allsang med eit fantastisk band som bestod av Kjell Morten og Erlend på gitar, Endre på bass og Kristoffer R. på trommer. Fru

Idsøe fortalte oss litt om kva Bibelen sa om lovsong før vi slapp til Herr Idsøe som hadde ein kanon andakt.

Så fekk me bra solosong av Camilla, Maria og Ella. Me hadde meir allsong, før det blei anledning til forbønn sjå Espen og Lars og Brit og Marianne.

Kvelden slutta med vanlig Stikk Innom og salg av pizza.

## Skilt ved Fødselen



Eksresident Boris Jeltsin har et godt håndlag me damene.



Dei same trikså ser de du for at bussjåfør Gunnar Vik óg kan.

Eg husa Før:

# Feber, vatn og weekend

Av: Kåre Vignes

**Eg har blitt beden om å skriva i spalta om gamle dagar. Det betyr at eg no har gått inn i rekkene til «dei gamle». Arne Madlandane og Hadle Austbøane. Dei som eg hugsar som vaksne og ansvarlege folk då eg byrja i ungdomslaget. No syng me i mannskor saman. Og då eg byrja i ungdomslaget var dei på alder med dagens formann i ungdomslaget. Småungar, med andre ord.**

Då eg byrja i ungdomslaget var me vel i 1988. Norge vann ingen gullmedaljer i vinter-OL i Calgary det året. Eg hugsar eg tykte det var særer bittert.

Å byrja å gå i ungdomslaget var ei openberring for meg. Tidlegare hadde eg stort sett halde meg heime på neset mitt i helgene med mor, far og to irriterande småsøskan. No opna ei ny verd seg for meg. Me kunne få sitje på i kule bilar, ete Grandiosa, spele bordtennis og biljard. Og me kunne reise på weekend. Å du kor gildt med weekend.

Min første Stavtjørnweekend var i april 1989. Eg var 13 ½ år. Eg var vachsen. Eg var ansvarleg. Eg hadde nøye planar for korleis eg skulle gjennomføre helga reint rangemesseg.

Planen var å sova mest mogeleg første natta, slik at eg skulle vera totalt utkvilt for det siste døgeret utan søvn. Eg skulle rett og slett gå ei heil natt utan søvn. Det var jo totalt uhørt. Men Marit og Terje var trygt forvart på Finnøy og kunne ikkje gjera noko for å stansa planen min.

Egsov på rom 12 saman med Kjetil Ingebrethsen og eit par andre. Og planen var ein suksess. Me sov. Og då me vakna skein sola.

Snøen var stort sett smelta, men eg mei-

nar å hugsa at der låg ei snøfonn midt i bakken som Roy Asle og nokre andre laga hopp i. Men det var brusdrikking på tid og det var hesteskokasting til inntekt for Misjonsprosjektet. Eg trur me skulle grava ein brønn i Afrika ein stad. Eg bidrog iallefall med ein halvmeter brønn vil eg tru. Men det var anten John Skartveit eller Kjell Arne Hebnes som stakk av med brusdrikkepremien.

Om kvelden fekk eg mitt første møte med vitnetmøtet på Stavtjørn. Det sette spor, og eg vil for alltid ha gode minne om den spesielle stemminga som rådde i peisestova på Stavtjørn laurdagskveldane på weekend.

Men det eg hugsar best frå akkurat dette første året er kjensla av at eg vart sjuk. Influensaen kraup over meg og inneslutta meg i feber, svettetokter og hallusinasjonar. Det gjekk så langt at eg kalla Lilly Skartveit for Ingvild. Og eg måtte berre stavra meg i seng. Planen hadde tilsynelatande gått fullstendig i vasken.

Heilt til Torben bestemte seg for at det ikkje går an å bli sjuk på weekend. Etter at eg hadde lege i feberfantasier i ein times tid, vart døra til rommet mitt reven opp. Inn kom Torben og nokre andre guitar bærande på ein bylt som låg og bukta seg inne i ein sovepose. Eg høyrde skrik om hjelp. Dei la bylten i senga ved sida av meg og byrja spyla den som låg inni posen med brannslangen som var på gongen. I ettertid har det irritert med kraftig at eg ikkje hadde fotoapparat tilgjengeleg då Ingvild Sevheim stakk hovudet opp frå posen etter å ha blitt kidnappa og brannslokka. For det var litt av eit syn.

Ein skulle kanskje tru at Torben ville vera nøgd med å ha dynka ei jente. Men som om det ikkje var nok med å gå laus på damer, ville Torben og dei sjuke til livs. Han spruta difor like godt meg full av vatn. Så der låg eg. Febervarm og klissblaut. Eg fann ut at eg ikkje hadde anna val enn å koma meg opp or senga.

Natta gjekk med forskjellige aktivitetar. Me bytta ut salt med sukker i saltbøsse, me fraus ned bestikk, me vekte dei som var eldre enn oss. Og me tykte me var uhorveleg morosamme og innovative. Og så var me berre eingentleg barnslege og toskete småungar som ikkje visste å oppføra seg.

Det er eigentleg litt bittert å tenkja på.

## Kommande arrangement

**Fredag 4.november  
Åpen Hall**

**Lørdag 5.november  
Fotball-kveld**

**Fredag 11.november  
Stikk Innom**

**Lørdag 12.november  
Ungdomslmøte**

**Fredag 18.november  
Åpen Hall**

**Lørdag 19.november  
Atletkveld**

**Fredag 25.november  
Stikk Innom**

**Lørdag 26.november  
Hjelp, vi lager film!**

Kopiert hjå:



**BYGGMAKKER Ladstein**

*Fordi det lønner seg!*



**NORBOHUS Ladstein Bygg as** Tenk nytt - Bygg i Finnøy!